



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunehuset

Dato: 29.01.2026

Tid: 09:00 - 12:00

Følgjande møtte:

Namn	Funksjon	Repr.	Vara for
Runar Flåt Granheim	Leder	AP/SP	
Tor Kasin	Nestleder	AP/SP	
Vigdis Beisland	Medlem	AP/SP	
Anne Eikerapen	Medlem	H	
Knut Vatsend	Varamedlem	H	Kjell Rune Heia

Andre møtande:

Namn	Stilling
Ingebjørg Margrethe Tallaksen	Arkivleiar
Simon Ellingsberg	Kommunedirektør/Kommunalsjef oppvekst
Knut Olav Forgard	Kommunalsjef Økonomi

Runar Flåt Granheim
Ordførar

Ingebjørg Margrethe Tallaksen
Sekretær for utvalet

Saksnr	Innhald
PS 1/26	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2/26	Godkjenning av protokoll frå førre møte
PS 3/26	Orienterings- og drøftingssaker
PS 4/26	Referatsaker
RS 1/26	Søknad om driftstilskudd 2026 til Arkivet freds- og menneskerettighetssenter
RS 2/26	Ny praksis ved høring av plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningsloven §§ 19-1 og 12-14 tredje ledd
PS 5/26	Delegerte saker Delegerte saker
DS 1	Mellombels påsepleyve til kommunalt avløpsnett på Austad.
DS 2	Løyve til avkøyrse frå kommunal veg i samband med bubiloppstillingsplass på gnr. 69, bnr. 316 på Byglandsfjord
DS 3	Løyve til tilkopling til kommunal vassleidning for gnr. 69, bnr. 316 på Byglandsfjord
PS 6/26	Førespurnader
PS 7/26	Finansreglement
PS 8/26	3. finansrapport 2025
PS 9/26	Revidering av politisk reglement og delegasjonsreglement for Bygland kommune 2024-2027,
PS 10/26	Ny bompengesats på Tangenvegen
PS 11/26	Felles tilsynskontor for spreidd avløp i Setesdal
PS 12/26	Planinitiativ - Urdehei vindkraftverk
PS 13/26	Godkjenning av protokoll

PS 1/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Formannskapet si handsaming av sak 1/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

Innkalling og sakliste godkjennast.

Sak 12/26 vert fyrste sak i møtet, etter godkjenning av protokoll.

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjent

PS 2/26 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Formannskapet si handsaming av sak 2/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

Protokoll frå møtet i formannskapet 27.11.2025 godkjennast.

Samrøystes

Vedtak:

Protokoll frå møtet i formannskapet 27.11.2025 blei godkjent

PS 3/26 Orienterings- og drøftingssaker

Formannskapet si handsaming av sak 3/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Orientering frå ordførar

Arbeidsmøte i Krypsivfondet

Statsforvalter vil trekke ut den administrative ressursen knytta til sekretærfunksjonen, og i den forbindelse blei Bygland kommune utfordra på om me ville ta den jobben. Vi takka nei til dette av to årsaker:

Etter utsjekk med kommunedirektør klart at vi ikkje ha administrativeressurser til den oppgåva den neste tida.

Den andre årsaka er at vi meiner at vi må vente til vilkårsrevisjonen ligg føre. Ein forventer at revisjonen vil kome med tydelige punkt om korleis krypsiv skal håndteres.

Eg meiner at regulanten må få eit tydelegare og større ansvar for å håndtere dette. Vilkårsrevisjonen handlar sjølv sagt også om mange andre tema også, som vannstand i Byglandsfjorden, forholda for bleka, friluftsliv, bading og bruk, terskler og så vidare. NVE signaliserer at dei har eit mål om at vedtaket skal komme i år. Også verdt å merke seg at det er NVE som har vedtaksmyndighet, og at energidepartementet er ankeinstans.

Tine Meieriet på Byglandsjord

Mandag 26.01 var det møte på meieriet på Byglandsfjord, der alle ordførarane i Setesdalsregionen møtte, samt Gyro Heia og representant for melkebøndene som eig Tine, samt leiarar i Tine. I tillegg var journalist frå Fvn med.

Poenget var å få fram kor viktig denne bedrifta er for oss i Bygland kommune, med ein unik produksjon av f.eks smør som bare skjer her hos oss. Det er 10 ansatte der i dag, og bakteppet er prosessen som er i gang i Tine der dei ser på moglegheiter for å effektivisere produksjonen. Meieriet på B.fjord har rekordlågt sjukefråver f.eks., som viser dedikerte ansatte og einsvært stabil drift i mange år. Det er viktig å markere kor viktig denne bedrifta er for oss.

Agder Europakontor

Tur i regi av Agder Europakontor til Brussel på eit lynkurs om EU/Eøs. Det er viktig for oss å forstå EØS-samarbeidet, og det kan ligge ein heil del moglegheiter innafor EØS-samarbeidet for kommuner og regioner, men ikkje minst derfor næringslivet. Eg tek difor initiativ i forhold til Bygg Bygland om å få til noko kursing og møter med Agder Europakontor, då fyrst og fremst med tanke på næringsliv og bedrifter i Setesdal, ikkje berre for Bygland.

Pr nå er det Arendal, Grimstad, kristiansand og Agder Fylkeskommune, UIA og Norce. Vi har tilgang gjennom Agder Fylkeskommune. Om vi skal vere betalande medlem, bør vere eit regionalt spørsmål.

Unescoarbeidet og statsbudsjettet

Det er eit konkret mål å få arbeidet med den immaterielle kulturarven,- Unesco, inn som fast post på statsbudsjettet. Arbeidet med kulturskule, arbeidet med å få på plass eit Unesco-senter og for å sikre eit langvarig arbeid med dette, treng statstøtte. Det jobbar vi med Regionrådet, og i Kulturarvrådet.

Endringer i SIPR

Det er ein tilsettingsprosess i Regionrådet. Der er det styreleiar og nestleiar som har fyrstegongsintervju og fyrstesortering. Heile styret skal vere med på 2.gongs intervju.

Bygg Bygland

Gyro vil kome til kommunestyret, der er planen at Bygg Bygland skal vere ein fast post på møtene. Det er veldig viktig at kommunestyret er godt påkobla.

Fyrste styremøte i Bygg Bygland er fredag 6.02.

Kommunedirektøren orienterte:

Det er etablert ei breitt samansett arbeidsgruppe som skal sjå konkret på moglegheitene for utvikling av tomta på Presteneset. Gruppa består av kommunedirektør, Bygg Bygland, plan- og helsefunksjonar, og vil òg knyte til seg andre aktuelle interessentar og fagmiljø, mellom anna privat næringsliv og Husbanken.

Målet med arbeidet er å vurdere korleis tomta kan realiserast på ein heilskapleg måte, både som eit sentralt område og i samanheng med utviklinga av nærområdet elles.

Arbeidsgruppa skal òg kartleggje kommunen sine behov innan fleire område, mellom anna næringsutvikling, bustader og leilegheiter.

Vedtak:

PS 4/26 Referatsaker

Formannskapet si handsaming av sak 4/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Vedtak:

Formannskapet tok referatsakene til orientering

PS 5/26 Delegerte saker

Formannskapet si handsaming av sak 5/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Vedtak:

Formannskapet tok dei delegerte sakene til orientering

DS 1 Mellombels påsleppløyve til kommunalt avløpsnett på Austad.

DS 2 Løyve til avkøyrsel frå kommunal veg i samband med bubiloppstillingsplass på gnr. 69, bnr. 316 på Byglandsfjord

DS 3 Løyve til tilkopling til kommunal vassleidning for gnr. 69, bnr. 316 på Byglandsfjord

PS 6/26 Førespurnader

Formannskapet si handsaming av sak 6/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Vedtak:

Ingen førespurnader

PS 7/26 Finansreglement

Formannskapet si handsaming av sak 7/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

1. Vedlagde utkast til nytt finansreglement blir vedtatt som Bygland kommune sitt reglement for finansforvaltning.
2. Vedlagde rutinar tilhøyrande finansreglementet blir vedtatt.
3. Uavhengig attestasjonsrapport frå PricewaterhouseCoopers AS (PWC) blir tatt til

orientering.

PS 8/26 3. finansrapport 2025

Formannskapet si handsaming av sak 8/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

3. finansrapport 2025 blir tatt til orientering.

PS 9/26 Revidering av politisk reglement og delegasjonsreglement for Bygland kommune 2024-2027,

Formannskapet si handsaming av sak 9/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Forslag frå Sp

Dispensasjonsaker med negativ innstilling fra kommunedirektøren blir behandla i planutvalget ref

Plan- og bygningslova §§ 19-2, 19-3 og 19-4 (dispensasjon)

Vedteken mot ei røyst (H v/Knut Vatsend)

Endringsforslag frå R. F. Granheim (Ap)

Endringsforslag under punkt 2.2.1. : Opne møte

«Kommunestyremøte og formannskapsmøte i Bygland blir streama.»

Vedteken mot ei røyst (H v/Anne Eikerapen)

Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

-Revidert politisk reglement for Bygland kommune 2024-2027 blir vedteke slik det ligg føre, med den vedtekne endringa.

-Politisk delegasjonsreglement for Bygland kommune blir vedteke slik det ligg føre, med den vedtekne endringa.

Røysting:

Innstilling frå kommunedirektøren mot Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

Forslaget til R. F. Granheim (AP) blei samrøystes vedteken

Vedtak:

-Revidert politisk reglement for Bygland kommune 2024-2027 blir vedteke slik det ligg føre, med den vedtekne endringa.

-Politisk delegasjonsreglement for Bygland kommune blir vedteke slik det ligg føre, med den vedtekne endringa.

-Dispensasjonsaker med negativ innstilling fra kommunedirektøren blir behandla i planutvalget ref

Plan- og bygningslova §§ 19-2, 19-3 og 19-4 (dispensasjon)

-Kommunestyremøte og formannskapsmøte i Bygland blir streama

PS 10/26 Ny bompengesats på Tangenvegen

Formannskapet si handsaming av sak 10/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Sameige Tangenvegen får samtykke til å endre bomavgift frå 50 kr pr. tur til 100 kr pr. tur jf. § 56 i veglova.

PS 11/26 Felles tilsynskontor for spredd avløp i Setesdal

Formannskapet si handsaming av sak 11/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek strategiplan for spredde avløpsanlegg for Bygland kommune.
2. Kommunestyret gjev administrasjonen fullmakt til å arbeide videre med etablering av felles tilsynskontor for spredde avløp basert på den tilrådde løysinga i strategiplanen.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit interkommunalt samarbeid organisert som vertskommunemodell i høve til kommunelovens kapittel 20.
4. Kommunestyret godkjenner at tilsynskontoret vert bemanna med tre 100 %-stillingar.
5. Finansiering skjer i tråd med sjølvkostprinsippet. Nytt tilsynsgebyr for spredde avløp utarbeidast av administrasjonen og framleggast kommunestyret.

PS 12/26 Planinitiativ - Urdehei vindkraftverk

Formannskapet si handsaming av sak 12/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Tor Kasin (SP) sa seg ugild i høve handsaming av saka

Formannskapet erklærte han samrøystes for ugild og han forlot møtet

May Britt Stenjør kom inn som vara under handsaming av saka

Forslag frå H

Bygland kommune godkjenner ikke planinitiativ for Urdehei vindkraftverk som fremlagt fra Statkraft Energi datert januar 2026.

Bygland kommune ønsker ikke igangsetting av planarbeid for vindkraftutbygging.

Kommunestyret åpner for at det kan gjennomføres faglige utredninger og innhentes faktagrunnlag knyttet til vindkraft, uten at dette skjer gjennom oppstart av planprosess etter plan- og bygningsloven.

Eventuelle utredninger skal være tydelig avgrenset til kunnskapsinnhenting og skal ikke anses som en aksept for oppstart av planarbeid.

Eventuelle kostnader for slik kunnskapsinnhenting og faglig utredning bekostes ikke av Bygland kommune.

Røysting over kommunedirektøren si innstilling mot forslaget til Høgre:

Kommunedirektøren si innstilling blei vedteken mot 2 røyster (H)

Vedtak:

Bygland kommune godkjenner planinitiativet for Urdehei vindkraftverk og gjennomfører oppstartsmøte med Statkraft og NVE i tråd med forskrift for planinitiativ

PS 13/26 Godkjenning av protokoll

Formannskapet si handsaming av sak 13/2026 i møte den 29.01.2026:

Handsaming:

Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

Vigdis Beisland og Knut Vatsend blir valde til å godkjenne og signere protokollen.

Samrøystes

Vedtak:

Vigdis Beisland og Knut Vatsend blei valde til å godkjenne og signere protokollen.